

# Himmel & hav

1. ÅRGANG / NR. 1 2023



—Midt i alt som er

Intervju med Borghild H. Berge - s. 6

**SIDE 4**

Bilen -  
eit sykke frå Kamerun

**SIDE 9**

Alt om  
kyrkjevalet

**SIDE 25**

Besteforeldre  
er mangelvare



**Annlaug Børve**  
Kyrkjeverje

## Himmel og hav!

Bladet du no held i handa di er ei rykande fersk førsteutgåve av eit heilt nytt magasin frå Den norske kyrkja i Øygarden.

Det kjem ut i staden for tidlegare Sund sokneblad, Kyrkjebladet og ØyNytt, og skal vere relevant for lesarar i heile Øygarden. Her vil vi presentere stoff om kva som skjer i kyrkjelydane, og du vil få møte spennande menneske frå heile kommunen. Denne gongen kan du mellom anna lese om Borghild. Himmel og hav, ho har hatt ein lang og innhaldsrik karriere i Den norske kyrkja! Eg takkar Borghild for tenesta, og ønskjer henne lukke til i ny jobb. Vi saknar henne i arbeidsfellesskapen i kyrkja.

Om ikkje lenge er det kyrkjeval. Himmel og hav, så imponerende det er å sjå alle som stiller til val! Tusen takk til alle som er villige til å gje både tid og krefter til å stake ut retninga for kyrkja vår! Frå s. 10 får du oversikt over dei alle saman. Bruk stemmeretten din, og prøv gjerne ut nyvinninga

digital førehandsstemming. Korleis du kan gje stemma di digitalt, finn du forklart på s. 15.

Himmel og hav, for eit flott namn magasinet vårt har fått! Det er Ingeborg og Eivor Vestbøstad Vik som har æra for dette. Dei gjekk av med sigeren i namnekonkurransen, og på s. 5 kan du lese deira grunngjevinga for namnet.

For meg er namnet i tillegg ei påminning om salmen «Å leva det er å elska,» som gjev mykje visdom med på livsvegen. Den sluttar slik:

«Å leva det er som havet, å spegla Guds himmel av.»

**Utgevar:** Øygarden kyrkjelege fellesråd

**Ansvarleg redaktør:**

Annlaug Børve, kyrkjeverje

**Redaktør og grafisk utforming:**

Yngvild Mørner Sørheim

**Redaksjon:** Olai Otterå (Sund sokn),

Ragnhild Andersland (Fjell sokn),

Alvhild Vassel Eide (Landro sokn), Leif

Gunnar Vik (Hjelme og Blomvåg sokn)

**Framsidedeilete:** Borghild Hustad Berge

**Foto:** Aider Bergen



**Trykk:** RKGrafisk

**Opplag:**

4 nummer i året.

**Frivillig kontigent:** 350 kr i Øygarden, 400 kr utanbygds - Takk for di støtte!

**Bankgiro kyrkjeblad:** 1503.84.37590

**Vipps kyrkjeblada i Øygarden:** 82511

**Innleveringsfrist** for annonsar, artiklar og kunngjeringar til neste nummer av Himmel&hav: 25. oktober

**E-post redaksjon:** ys487@kyrkja.no

**Øygarden kyrkjekontor,**

Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

Vi har kontor i andre etasje i

Temahuset.

**Telefon:** 400 03 316

Ekspedisjonstid alle kvardagar

kl. 09.30–14.30


**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no

**Nettsider:** www.kyrkja.no/oygarden

## Kvifor får du Himmel&hav i postkassa di?

Magasinet blir lagt i alle postkassar i heile Øygarden. Det blir gjort fordi det blir rekna som informasjon, og ikkje reklame, i samsvar med Markedsføringsloven og Forbrukartilsynet si rettleiing for levering av uadressert reklame og aviser. Vi har dessverre ikkje høve til å trekkje ut adresser, så om du ikkje ønske bladet, ber vi deg om å sortere bladet i papirsøppelet. Bladet er trykt på resirkulerbart papir.

# Innhald



- |  |  |                                       |
|--|--|---------------------------------------|
| <b>04</b> Bilen                            | <b>13</b> Lista for Fjell sokn                         | <b>19</b> Sorgseminar                 |
| <b>06</b> Intervju med Borghild H. Berge   | <b>14</b> Lista for Foldnes sokn                       | <b>20</b> Barn og unge sine sider     |
| <b>08</b> Konsertar og arrangement         | <b>14</b> Førehandsstemming                            | <b>22</b> Smånytt                     |
| <b>09</b> Kyrkjevalet og vallokale         | <b>16</b> Lista for Landro sokn                        | <b>25</b> Besteforeldre er mangelvare |
| <b>10</b> Lista for Hjelme og Blomvåg sokn | <b>Innstikk:</b> Kandidatbrosjyre kyrkjevalet Bjørgvin | <b>28</b> Treff i kyrkjene            |
| <b>12</b> Lista for Sund sokn              | <b>17</b> Hvorfor Jesus?                               | <b>29</b> Øygardssong                 |
|  | <b>18</b> Livets gang                                  | <b>30</b> Gudstenester                |

Himmel&hav er eit gratis magasin med frivillig kontingent frå Den norske kyrkja i Øygarden; sokna Sund, Fjell, Foldnes, Landro og Hjelme og Blomvåg.



# Bilen

–Eit stykke frå Kamerun,  
frå misjonærdagboka mi.

Tekst: Alvhild Vassel Eide

Klassen får i oppgåve å teikna ein bil. Dei kastar seg over papir og blyant og veit nøyaktig kva dei skal teikna. Snart er alle på leit etter gule fargeblyantar. Då læraren samlar inn arka, får han eit klasesett med teikningar av ein solgul Suzuki med kjenneteiknet NO 320 P.

Modellen står parkert på landsbyplassen. Han kom på føremiddagen, hadde streva seg 36 km frå Gadjiwan som den første i historien til å køyra heilt fram til Samelecti. På landsbyplassen er

alle samla i spaning. Dugnads-gjengen er mest spent. Dei som med hakke, spett og handamakt har laga 28 km bilveg gjennom tett skog, opp og ned fjellsidene, over elvar og bekker. Brått står den vesle gule bilen midt i folkemengda. Jubelen bryt laus, trommene ljomar, folk dansar og syng. Vegene dei har hakka, er køyrande! Dei har lukkast! Bilen vert motteken med talar og fest!

Dei vert ståande å sjå og studera det vesle vidunderet. Dei mumlar seg imellom: -Han må ha kjempe-

krefter, sjølv om han er liten! Så kjem spørsmålet: -Kan du opna munnen hans slik at vi får sjå han i magen? Dei ler godt, men meiner det alvorleg. Panseret vert opna, dei ser og undrar seg. Motoren vert starta, barn spring unna, kvinnene ler og mennene nærmar seg forsiktig, studerer, ristar på hovudet og småpratar. Kvinnene berre pratar. Barna torer seg framtil og ser med heile seg.

Bilen teier, lukkar munnen.

-No har vi gjort vår del av

avtalen, sjefen i dagnadsgjengen stig fram, er stolt og glad. –No kan "directrice" gjera sin del av avtalen, seier han og smiler breitt. Avtalen gjeld sjølv om han ikkje er skriven. Berre den eine parten kan skriva. Derfor har dei gjort denne avtalen, dei vil ha skikkelege skulehus til den nye skulen i landsbyen. Barna deira skal sleppa å gå gjennom livet som analfabetar, slik dei sjølve må. "Directrice" held tale, takkar for vegen og lovar å halda lovnaden om skulebygg.

Til neste skulestart står nye skulebygg ferdige med alt som trengst, bord og benker,

tavler og kateter. Utanfor er det laga fotballbane og sett opp flaggstang. Vegen til skulen er kanta med kvitkalka steinar. Ein allé med nyplanta frukttre, mango, appelsin, sitron, markerer grensa for området landsbyen har gitt til skulen.

Så vert det ny fest. Representantar frå fleire styresmakter kjem. Små og større landsbysjefar sit på linje i sin flottaste stas. Kvinnene er pynta frå topp til tå. Barna er i skuleuniform og har øvd inn song og marsj til framsyninga. Det er talar og takk. Det er mat, song og dans. Det er glede!

Når læraren heretter ber elevane teikna ein bil, vert det kanskje ein grøn Land-Rover med statens merke, ein lastebil med sement og bølgeblekksplater eller ein kvit Toyota pick-up lasta med kornsekker

Men det vert truleg også ein solgul Suzuki med kjenneteiknet NO 320 P. Han var den første, han som bana veg for alle dei andre.

---

## Kvifor namnet "Himmel&hav"?

I det siste nummeret av dei tre kyrkjeblada lyste vi ut ein namnekonkurranse for det nye kyrkjebladet.

Vi fekk inn fleire gode forslag, og redaksjonen landa på forslaget frå Eivor Vestbøstad Vik og Ingeborg Vestbøstad Vik: "Himmel&hav".

Eivor og Ingeborg skriv i si grunngjeving for namneforslaget at Gud har skapt så mykje, både himmelen og havet, og at namnet kan minne oss om dette. Dessutan bur vi her i Øygarden mellom himmelen og havet, og bladet skal vere for alle som bur her ute. Namnet peikar og fram mot det kristne håpet om at vi ein gong får komme til himmelen.

Redaksjonen gratulerer Eivor og Ingeborg med seieren! Bilettar til arrangement i ei av kyrkjene kjem når de har funne ut kva de har lyst til å vere med på.



Ingeborg og Eivor Vestbøstad Vik vann namnekonkurransen!

# –Midt i alt som er

**Borghild H. Berge har etter 27 år som tilsett i kyrkja slutta i stillinga si som assisterande kyrkjevevje og seksjonsleiar for administrasjon og økonomi.**

**Tekst: Yngvild Mørner Sørheim**

**Foto: Aider Bergen**



## **Kor lenge har du arbeidd i kyrkja og kva har oppgåvene dine vore?**

Aller første gong eg vart tilsett i kyrkja var som 15-åring, då eg var kyrkjetenarvikar i Bud kyrkje, der eg kjem frå. Etter studier i Volda og Bergen, vart eg tilsett her i Sund som kyrkjevevje. Første arbeidsdag var 20. februar 1997.

Då eg slutta 31. mai i år, så hadde eg faktisk vore tilsett i kyrkja om lag halve livet mitt, frå eg var 25 til eg no er 52. Eg har vore tilsett som kyrkjevevje i gamle Sund, gamle Øygarden, driftsleiar, administrasjonskonsulent, fungerande kyrkjevevje og assisterande kyrkjevevje i Fjell. Då eg slutta, var eg tilsett som assisterande kyrkjevevje i nye Øygarden.

I alle desse åra har eg vel vore med på det meste av arbeid som foregår i kyrkja; frå graving av grav, koke kaffi, rydde lager, kyrkjetenarvikar, saksbehandling, gode samtalar, uendeleg mange møter, opplæring i nye data-program, utarbeide gode rutinar, budsjettarbeid, rekneskap, lønsarbeid, ta imot nye tilsette, tilrettelegging av det økonomiske og administrative arbeidet for dei andre som jobbar i meir utadretta stillingar, forenkling, forbedring av arbeidet i administrasjonen, medarbeidarsamtalar, lønsforhandlingar...

## **Kva har vore det kjekkaste med å jobbe i kyrkja?**

Store festdagar som vigsling av Sund kyrkja i mai 1997, opning av Tælavågmuseet i Øygarden,

bispevisitas i Sund og i Fjell, vigsling av kyrkjegard på Kleivane.

Samtalar med utruleg mange flotte menneske, på kyrkjekontoret, i kyrkjene, og i bygdene våre.

Sterke møter med menneske i sorg.

Ein stor flokk med gode kollegaer og frivillige medarbeidarar, både her lokalt og i heile den samla kyrkja.

Mange år med godt samarbeid med kommunen vår, med leverandørar av ulike kyrkjelege fagsystem, med Kirkens arbeidsgiverorganisasjon.

Gå 72 timar nord i saman med ein utruleg flott gjeng med ungdomar frå Basecamp.



Borghild (t.h.)  
saman med  
frivillige i Sund,  
Martha og Einar.  
Foto: Olai Otterå

Bønefelleskapet med kollegaer på stillerommet på kyrkjekontoret.

Å få møte så mange barn og unge i kyrkjene våre gjennom desse åra, og få møte dei igjen på skulen, i barnehagen, på butikken, langs vegen.

### Kor er du no og kva gjer du?

No er eg så heldig å vere hos Aider i Bergen, eg tok til her 1. juni. Her får eg bruke mi erfaring frå alle åra mine som tilsett i kyrkja. Eg får arbeide med kyrkja, men på ein heilt anna måte enn før. Aider har levert tenester innafor løn, rekneskap og HR til kyrkja sidan 2016, og eg er no tilsett som leiar for det teamet som har ansvar for kyrkjekundane her i Bergen. Eg arbeider og for Aider på Rjukan, med utvikling

og salg av våre tenester til kyrkjekundar.

### Har du ei lita helsing du vil komme med?

Eg vil først og fremst takke kvar enkelt eg har fått møte, ein gong eller mange gonger, gjennom alle desse åra i kyrkja. Desse samtalan vil alltid bety så mykje for meg. Takk for tilliten som har blitt vist meg gjennom gode, men ikkje minst gjennom dei meir såre og vanskelege samtalan om sorg, om tap, om livet. Som tilsett i kyrkja, har eg fått «vere litt kyrkje» i kvardagen til folk. Eg er stolt av kyrkja vår, eg er stolt av arbeidsplassen min i så mange år. Men først og fremst takknemleg for å ha vore ein del av kyrkja vår, midt i kvardagen til folket her, midt i liva deira, midt i trua deira.

Terje Annerød, vår kjære, gode sokneprest, kollega og venn, som vi miste for nokre år sidan, ga meg ein gong ei andaktsbok av Sunniva Gylver. Etter dette har eg fått følge henne gjennom dei små andaktene ho har på Plussord på Instagram. Andaktene vert alltid avslutta med at ho lyser velsigninga, teiknar korset, og ofte seier ho heilt til slutt: «Midt i alt som er». Og eg trur det er der Gud vil vi skal vere, midt i alt som er, midt i alt som skjer. Og der møter Gud oss, med sin fred, ein fred som overgår all forstand.

Takk for meg som tilsett i kyrkja. Så snakkast vi i kyrkja, på butikken, i Sundskogen, på Sartor, på moloen, langs vegen. Midt i alt som er.

---

## Takk Borghild!

I 2006 tilsette dåverande Fjell sokneråd Borghild Hustad Berge som driftskoordinator. Vi hadde bruk for ein ryddig person som kjende alle delane av drifta i eit sokn – og som kunne sikre at vi alltid hadde det praktiske på plass for å utføre oppdraget vårt: Å forkynde Kristus.

Før dette hadde ho vore kyrkjevevjerje både i Sund og i gamle Øygarden, så ho var godt kvalifisert!

Etter kvart som det vart endringar i organisasjonen vår, vart Borghild assisterande kyrkjevevjerje og leiar for avdelinga for økonomi og administrasjon. Dette ga henne mange av oppgåvene innanfor økonomiforvaltninga til rådet. I fleire periodar var ho kyrkjevevjerje i tillegg til dei oppgåvene ho hadde frå før.

Borghild har aldri vore redd for å ta på seg oppgåver. Ho har løyst oppgåvene på ein god måte, sjølv om det til tider har vore altfor mykje å gjere.

Vi takkar Borghild for innsatsen og ønskjer lukke til i ny jobb!

Dag-Olav Bjørøy, leiar av  
Øygarden kyrkjelege fellelråd

# JAZZ KONSERT

med Aasmund  
Brekke Trio

FOLDNES  
KYRKJE  
22. OKT  
KL. 19

**Dette er ein klassisk jazzpianotrio som består av Aasmund Brekke på piano, Thomas Lossius på bass og Sigurd Steinkopf på trommer.**

Trioen sitt musikalske uttrykk er hovudsakleg melodios og lett tilgjengeleg instrumentaljazz med stort dynamisk spenn, frå det stillferdige og ettertenksomme til det intense og sterkt rytmiske. Repertoaret består for ein stor del av eigne komposisjonar, men har og rom for musikk som har inspirert oss i særleg grad, alt frå amerikansk mainstreamjazz og brasiliansk bossa nova, til skandinavisk folkemusikk og polsk jazz.



## Gospelsøndag

Velkommen til Gospelsøndag i  
Foldnes kyrkje!

Sangkveld med høy allsangfaktor  
og sosialt samvær  
Band og forsangere/solister

1. oktober og  
12. november kl. 19.

## Fellesskapskveld

i Blomvåg kyrkje  
27. september kl. 18.30

Gjest Kjartan Sørheim fortel om  
misjonsarbeidet i Thailand

Gospelteens  
God kveldsmat



Velkommen til stemningsfull  
**Julekonsert**

Hjelme gamle kyrkje  
26. november kl. 18.00

Olaug Elise Alvheim - song og gitar  
Øystein Steinsland - trøorgel  
Terje Nilsen - gitar



Kl. 19.30 i Foldnes kyrkje

12. September RAMP - Kveldsmesse  
26. september RAMP  
10. oktober - RAMP - Kveldsmesse  
24. oktober RAMP  
7. november – RAMP Kveldsmesse  
21. november RAMP



# Fem gode grunner til å stemme i kyrkjevalet

## 1 Det er viktig

Både det norske samfunnet og Den norske kyrkja er i endring. Gjennom å stemme ved kyrkjevalet kan du vere med på å bestemma korleis kyrkja og kyrkja sitt forhold til resten av samfunnet skal sjå ut i framtida.

## 2 Det er engasjerande

Mange opplever kyrkja som ein viktig institusjon i lokal-samfunnet. Gjennom å stemme ved kyrkjevalet kan du vere med på å velja dei som skal bestemme i kyrkja der du bur.

## 3 Det er lett

Du kan førehandsstemma digitalt på telefon (scan QR-koden til høgre) eller pc (kyrkjevalet.no) fram til 6. september. Kyrkjevalet finn stad samtidig som kommunevalet, og du kan stemme ved kyrkjevalet like ved der du stemmer ved kommunevalet.



## 4 Det er avgjerande

Den norske kyrkja er ein viktig institusjon i norsk kultur- og samfunnsliv. Gjennom å stemme ved kyrkjevalet kan du bidra til at personar som er samde med deg i viktige spørsmål får makt til å bestemme kva kyrkja skal meine framover.

## 5 Det er ansvarsfullt

Å ikkje stemme er å la andre bestemme. Ved å ikkje delta ved kyrkjevalet gir du ei halv stemme til den lista du er mest usamd med.

## Kyrkjevalet 2023

### Vallokale

Valdagen er måndag 11. september 2023. Vallokala er opne mellom kl. 09.00 og kl. 21.00. Røystelokala (rommet) er tydeleg merka med Kyrkjeval 2023.

#### Krins

#### Stad

##### Sund sokn

Bjørøyna/Tyssøyna	Bjørøy skule
Skogsvåg	Sundhallen
Spildepollen	Spildehallen
Stranda	Stranda skule/hallen

##### Fjell sokn

Kolltveit	Bildøyhallen
Skålvik	Skålvik skule
Skogsvåg	Sundhallen
Ulveset	Ulveset skule

##### Foldnes sokn

Bjørøyna/Tyssøyna	Bjørøy skule
Brattholmen	Brattholmen skule
Foldnes	Foldnes skule
Hjelteryggen	Hjelteryggen skule

##### Landro sokn

Ågotnes	Ågotneshallen
Kolltveit	Bildøyhallen
Skålvik	Skålvik skule

##### Hjelme og Blomvåg sokn

Rong	Hjeltefjorden Arena
Tjeldstø	Tjeldstø skule

### Kva er kyrkjevalet?

Kyrkjevalet er todelt: Du stemmer lokalt ved å stemme på medlemmer til soknerådet der du bur. Hovudoppgåva til soknerådet er å forme og utvikle kyrkjelyden. Rådet bestemmer over satsing innan omsorg og diakoni, guds-teneste, kultur, undervisning og aktivitetstilbod for små og store.

Du stemmer regionalt og nasjonalt ved å stemme på medlemmer til bispedømmerrådet og Kyrkjemøtet. Bispedømmerrådet er det regionale styringsorganet i Den norske kyrkja. Dei arbeider for kyrkja sitt beste i heile bispedømmet. Det er elleve bispedømmerråd i Den norske kyrkja. Kyrkjemøtet

er Den norske kyrkja sitt øvste representative organ, og består av medlemmene i bispedømmerråda og leiaren av Samisk kyrkjeråd. Når du stemmer på kandidatane til bispedømmerrådet, stemmer du derfor samtidig på kven som skal utgjere Kyrkjemøtet.



## Nominasjonskomiteen si liste i Hjelme og Blomvåg sokn



### 1. Gisle Kårbø Rong

**Fødselsår:** 1976

**Yrke:** Administrerende Direktør

**Er opptatt av:** Menighetsutvikling. Gudstenesteliv. Barne og Ungdomsarbeid. Diakoni.



### 2. Therese Dale Gerhardsen

**Fødselsår:** 1991

**Yrke:** Barne- og ungdomsarbeider

**Er opptatt av:** Barne og ungdomsarbeid.



### 3. Erling Vik

**Fødselsår:** 1956

**Yrke:** Pensjonist

**Er opptatt av:** Godt arbeid innen barne- og ungdoms-område. Videreføre vårt gode arbeid innen Naturlig Menighetsutvikling.



### 4. Elise Irene Karlsen

**Fødselsår:** 1994

**Yrke:** Sykepleier

**Er opptatt av:** Menighetsutvikling. Diakonalt arbeid.



### 5. Gustav-Magne Landro

**Fødselsår:** 1968

**Yrke:** Poliitiinspektør

**Er opptatt av:** Barn og unge, sang og musikk.



### 6. Aina Elisabeth Hellesund

**Fødselsår:** 1988

**Yrke:** Grunnskolelærer

**Er opptatt av:** Barn og ungdom, ekteskapsarbeid.



### 7. Steinar Konrad Blom

**Fødselsår:** 1990

**Yrke:** Byggeleder

**Er opptatt av:** En kirke for alle livets faser med lavterskel tilbud for alle aldre.



### 8. Martin Jonas Nakken

**Fødselsår:** 1995

**Yrke:** Kontaktlærer

**Er opptatt av:** Skape ein trygg og god plass som menneske ønsker å komme til på fleire stadier av livet. Barn og ungdom.

## Kva er eit sokneråd?

Eit sokneråd består av menneske som bur i kyrkjelyden, er medlemmer av Den norske kyrkja, og som har blitt valt inn i rådet. Det er dette du no kan vere med på å påverka gjennom å stemme ved kyrkjevalet. Hovudansvaret for gudstenester og kyrkjelege handlingar er lagt til presten.

Utover det ligg den kyrkjelege styresmakta på lokalplanet til soknet, representert ved soknerådet og fellesrådet. Det betyr at soknerådet har ansvar for generelt verksemdsansvar og vedta strategiar og organisera aktivitetar. Det kan vere knytt til gudstenester, barne- og

ungdomsaktivitetar, diakoni, kyrkjemusikk, frivillig arbeid, misjon, miljøengasjement og korarbeid, for å nemna noko.



### 9. Katrine Dale Olsen

Fødselsår: 1991

Yrke: Opplæringskonsulent  
Er opptatt av: Barn og småbarnsforeldre.



### 10. Anne Merete Flekstad Vik

Fødselsår: 1964


Yrke: Spesialsjukepleier  
Er opptatt av: Gode møteplassar der ein kan samlast på tvers av generasjonar. Brenn for trua og Den norske kyrkja som eit anker i livet.



### 11. Siv Helen Vik

Fødselsår: 1987

Yrke: Lærer  
Er opptatt av: Den tidlause, historiske, gudstenestefeiringa.



### 12. Frode Toska Hjelme

Fødselsår: 1981



### 13. Turid Toft Amenia

Fødselsår: 1956

Yrke: Pensjonist  
Er opptatt av: At barne- og ungdomsarbeidet kan halde fram på ein god måte. Diakoni og at Guds ord kan få rikelig rom iblandt oss.



### 14. Råmund Skjold

Fødselsår: 1967

Yrke: Spesialrådgjevar  
Er opptatt av: Born og unge

Les meir om  
kandidatane inne  
på kyrkjevalet.no -  
Kandidater og lister



# Nominasjonskomiteen si liste i Sund sokn



## 1. Fredrik Andreas Mortensen

Fødselsår: 1968

Er opptatt av: Evangeliet og å styrke kyrkjelyden.



## 2. Anne Grete Hareide

Fødselsår: 1952

Yrke: Pensjonist

Er opptatt av: Vidareføre den satsinga som noverande sokneråd har gjort for eit godt barne- og tweensarbeid.



## 3. Arne Bakke

Fødselsår: 1958

Yrke: Ingeniør

Er opptatt av: At dei unge har det bra. Det er vel dei som er framtida.



## 4. Øygunn Skodvin Prestegård

Fødselsår: 1979

Yrke: Høgskolelektor

Er opptatt av: At Sund sokn held fram det gode arbeidet med å skape fellesskapsarenaer utover kyrkjesøndagar.



## 5. Oddbjørg Norunn Heimark

Fødselsår: 1959

Yrke: Pensjonist

Er opptatt av: Barn, ungdom og arbeid blant dei eldre



## 6. Karen Helen Boga

Fødselsår: 1946

Yrke: Pensjonist

Er opptatt av: Song og musikk. Forsongarteneste. Barne- og ungdomsarbeid, barnekor.



## 7. Jan Tveit

Fødselsår: 1954

Yrke: Pensjonist

Er opptatt av: Fine gravplassar. Vere flink å bruke kyrkjene i Sund.



## 8. Olaug Glesnes

Fødselsår: 1950

Yrke: Pensjonist

Er opptatt av: Å bli bedre kjent med kyrkja og vidareformidle det.




## 9. Minda Valborg Olsen

Fødselsår: 1934

Yrke: Pensjonist

Er opptatt av: Gravplassen i Telavåg og kyrkja generelt.



## 10. Wenche Selstø

Fødselsår: 1950

Yrke: Pensjonist

Er opptatt av: Eit godt barne- og ungdomsarbeid og ei imøtekomande og inkluderande kyrkje.



## 11. Berit Marie Nygård

Fødselsår: 1953

Yrke: Pensjonist

Er opptatt av: Støtte opp om barne- og ungdomsarbeidet.



# Nominasjonskomiteen si liste i Fjell sokn



## 1. Svein Jarle Yndestad Eide

Fødselsår: 1973

Yrke: Avdelingsleiar

Er opptatt av: At alle skal føle seg velkomne i kyrkja, og at lokalsamfunnet skal kjenne tilhørighet.



## 2. Eigil Nødtvedt

Fødselsår: 1949

Yrke: Pensjonist

Er opptatt av: Å halde på ungdomane i kyrkjelyden etter konfirmasjonen og få dei inn som aktive brukarar av dei tilboda våre.



## 3. Magny Bjørsvik

Fødselsår: 1960

Yrke: Ingeniør

Er opptatt av: Diakoni: Arbeid for næringsrik mat og for fysisk og psykisk helse. Barn og unge: Arbeid mot fattigdom, sorgarbeid, ung 10-12 og trusopplæring.



## 4. Paul Marhaug

Fødselsår: 1968

Yrke: Seniorrådgiver

Er opptatt av: Barne- og ungdomsarbeidsarbeid. Drift og vedlikehold av kirkelige eiendommer.



## 5. Arvid Nese

Fødselsår: 1961

Yrke: Byggmester

Er opptatt av: Ei inkluderande kyrkje. Barn og unge i kyrkja. Vedlikehald av kyrkjebygget.



## 6. Gerd Fjeld Andersen

Fødselsår: 1952

Yrke: Pensjonist

Er opptatt av: At fleire av dei som deltek på gudstenestene våre også vil vera med på andre av dei tilboda vi har i kyrkjelyden i Fjell.



## 7. Søgne Lillevik Nilsen

Fødselsår: 1972

Yrke: Kyrkjelydspedagog

Er opptatt av: Gode møteplasser og godt fellesskap for barn i alle aldre.



## 8. Harald Pedersen Fylling

Fødselsår: 1954

Yrke: Pensjonist

Er opptatt av: Familiearbeid, solid og livsnær forkynning, skapa inkluderande møteplassar, god trusopplæring for barn og unge.



## 9. Hans Kristian Hornes

Fødselsår: 1967

Yrke: Principal Researcher analytical chemistry Oil industry

Er opptatt av: En inkluderande kirke hvor alle er velkomne. Kirkevekst. Barne- og ungdomsarbeid.



## 10. Sigrun Bergsvik

Fødselsår: 1949

Yrke: Pensjonist

Er opptatt av: Frivillig-styre, kyrkjevert, kyrkjekaffi




## 11. Geir Roald Viken

Fødselsår: 1968

Yrke: Diftsoperatør/  
Trafikkplanleggjar

Er opptatt av: Ungdomsarbeidet i kyrkjelyden og diakoni.



## 12. Gyri Ann Lie

Fødselsår: 1957

Yrke: Sakshandsamar

Er opptatt av: Ungdomsarbeid, kyrkjemusikk og gudstenestene i kyrkja.



# Nominasjonskomiteen si liste i Foldnes sokn



## 1. Per Helge Refvik

**Fødselsår:** 1972

**Yrke:** Leiar

**Er opptatt av:** Gudstenesta skal vere ein naturleg samlingsstad for alle aldersgrupper. Ha eit aktivt diakoni arbeid. Alle aldersgrupper skal ha eit godt tilbod.



## 2. Astrid Myskja

**Fødselsår:** 1968

**Yrke:** Lektor

**Er opptatt av:** Ungdom, kyrkjelydsfellesskap og gudstenestearbeid.



## 3. Olav Ingard Fjeldstad

**Fødselsår:** 1964

**Yrke:** Ingeniør

**Er opptatt av:** Byggje eit varmt og levande gudstenestefellesskap som ser utover seg sjølv. Eit fellesskap som arbeider for at verda skal bli meir slik Gud hadde tenkt



## 4. Renate Olsen Seim

**Fødselsår:** 1977

**Yrke:** Miljøarbeidar

**Er opptatt av:** Kyrkja for alle – inkluderingsarbeid. Barne- og ungdomsarbeid. Musikk og kor. Temakvelder og diakoni.



## 5. Hein Anders Kvalheim

**Fødselsår:** 1966

**Yrke:** Økonomisjef/dagleg leiar

**Er opptatt av:** Søndagskule og ungdomsarbeid. Kyrkjelydsbygging. Samarbeid mellom kyrkjer og kyrkjelyder på Bildøy og Litle Sotra.



## 6. Bente Kongsbakk Madsen

**Fødselsår:** 1954

**Yrke:** Pensjonist

**Er opptatt av:** Åpen kyrkjelyd der alle føler seg sett og inkludert. Lavterskeltilbud og gode møteplasser. Gudstjenester og temakvelder.



## 7. Ole Hamre

**Fødselsår:** 1966

**Yrke:** Fiskeskippar

**Er opptatt av:** Ei inkluderande kyrkje for alle, trusopplæring, lavterskeltilbud, song og musikk, fellesskap på tvers av aldersgrupper.



## 8. Bjarne Skarestad

**Fødselsår:** 1965

**Yrke:** Seniorrådgiver

**Er opptatt av:** Engasjement for å bli disiplar for Kristus. Ei kyrkje som betyr noko for, og møter alle menneske i alle aldrar. Forvaltning, drift og vedlikehald, miljøbevisste val.

## Førehandsstemme fysisk

Det er mogleg å førehandsstemma fysisk på papir på kyrkjekontoret på Straume (Temahuset - Tytebærbrekko 2, 5353 Straume) torsdag 7. september kl. 09.30-14.30.

Det er også mogeleg å førehandsstemme etter gudstenesta 3. september i Landro kyrkje, Foldnes kyrkje og Hjelme kyrkje.





### 9. Ingelin Våge

**Fødselsår:** 1985

**Yrke:** Koordinator

**Er opptatt av:** Barn, unge og familier. Fellesskap for alle. Kirken som kulturarena.



### 10. Trond Høvik

**Fødselsår:** 1962

**Yrke:** Statsadvokat

**Er opptatt av:** Barne- og ungdomsarbeid. Frivillige i gudstenestene herunder teknikarar, forsangarar, kyrkjevevter, tekstlesarar m.fl.



### 11. Torill Selsvold Nyborg

**Fødselsår:** 1951

**Yrke:** Høgskulelektor/politiker

**Er opptatt av:** Diakoni



### 12. Gunnar Innerdal

**Fødselsår:** 1983

**Yrke:** Førstemanuensis

**Er opptatt av:** Levande og inkluderande gudstenesteliv. Diakonale tiltak som treff mange. Gje barn og unge positiv tilknytning til kyrkja. Kyrkjemusikk.



### 12. Jan Terje Sønstabø

**Fødselsår:** 1967

**Yrke:** Dagleg leiar

**Er opptatt av:** Inkluderande og open kyrkje. Synleg rolle i lokalsamfunnet. Fellesskap og åndeleg heim. Barne- og ungdomsarbeid.

” Vi håpar mange vil delta og sei si meining og gi si støtte til dei folkevalde i kyrkja dei neste fire åra.

## Bruk mobilen i kyrkjevalet

I år er det for første gong mogleg å førehandsstemme digitalt. Alle medlemmer kan delta i valet på eigen mobiltelefon (scan QR-koden nedst på s. 14) eller pc (gå inn på kyrkja.no og klikk på «Stem her»), når som helst og kvar som helst, fram til 6. september.


Denne løysinga gjer det enklare for veljarar å delta.

Digital førehandsstemming krev at veljaren har ein digital ID, til dømes bank-id, og kan logga seg på gjennom anten mobiltelefonen, pc eller nettbrett. I kyrkjevalet kan alle velja kandidatar til

soknerådet der dei bur, og også stemme på kven som skal utgjera bispedømmerådet, det regionale styringsorganet i kyrkja. Dei som blir valde inn i bispedømmerådet, utgjer saman det øvste organet til kyrkja, Kyrkjemøtet.



# Nominasjonskomiteen si liste i Landro sokn



## 1. Dag-Olav Bjørøy

**Fødselsår:** 1957

**Yrke:** Seniorkonsulent

**Er opptatt av:** Styrkje det ungdomsdiakonale arbeidet som svar på nokre av dei utfordringane lokalsamfunnet vårt har. Vidareutvikle møtestadar på tvers av generasj.



## 2. Tove Karin Angetveit

**Fødselsår:** 1968

**Yrke:** Pedagogisk leiar

**Er opptatt av:** At Landro kyrkje skal vere ein god møteplass for folk i alle aldre. Der dei blir kjend med Jesus, og finn eit fellesskap. Barn, unge og familiar.



## 3. Kjersti Berland Hassel

**Fødselsår:** 1964

**Yrke:** Sykepleier

**Er opptatt av:** Fremme barne- og ungdomsarbeid i kirken. At kirken deltar mer aktivt for å verne om miljø og natur. Bedre ungdomsmiljøet i soknet.



## 4. Laila L. Lossius

**Fødselsår:** 1964

**Yrke:** Internasjonalisering i høyere utdanning

**Er opptatt av:** At musikklivet skal få gode kår og for at barn og unge skal ha en plass i kirken.



## 5. Elias Solsvik

**Fødselsår:** 1953

**Yrke:** Pensjonist

**Er opptatt av:** Arbeid blant barn og unge.



## 6. Anne Kristine T. Christiansen

**Fødselsår:** 1954

**Yrke:** Pensjonist

**Er opptatt av:** Bibelkunnskap til barn, unge og voksne. Landro må være plass for små og store, der alle kan kjenne seg trygge og velkomne.



## 7. Kirsten Kjølén

**Fødselsår:** 1948

**Yrke:** Pensjonist

**Er opptatt av:** Videreføring av gode tilbud vi har i dag. Undervisning for voksne om kristen tru. Diakonalt arbeid blant unge og eldre.



## 8. Hilde Heggholmen

**Fødselsår:** 1967

**Yrke:** Hjelpepleier

**Er opptatt av:** Eg ynskjer at Landro kyrkje vil fortsette å vere ei kyrkje der alle kjenner seg velkomne, både til gudsteneste og til samvær med andre i kyrkjelyden.



## 9. Mona Alvøen Thomsen

**Fødselsår:** 1963

**Yrke:** Hjemmeværende

**Er opptatt av:** Å lage en bro mellom kirken og ungdommen slik at de skal vite at de har noen rundt dem som ønsker å være der.



## 10. Sven Bech-Sørensen

**Fødselsår:** 1974

**Yrke:** Siv.øk/adjunkt

**Er opptatt av:** Bidra til at kyrkjelyden forkynner Kristus i små og store samanhengar så han blir trudd, elska og etterfølgd.



## 11. Ingvild Langeland Tellnes

**Fødselsår:** 1981

**Yrke:** Lærer

**Er opptatt av:** Å visa at kyrkja er for alle, alle skal kjenna seg inkludert.



# Hvorfor Jesus?

«Hvorfor er du så opptatt av Jesus?» er et spørsmål som av og til dukker opp i hodet mitt. Spørsmålet dukker opp både til meg selv og til andre, men jeg må innrømme at det ikke er så ofte jeg våger å stille spørsmålet høyt. Som prest snakker jeg riktignok mye om Jesus, og i møte med ulike mennesker på ulike steder er det et privilegium å få gjøre nettopp det. Men hvorfor? Hvorfor er jeg så opptatt av Jesus?

Når Johannes i sin fortelling om Jesus skal presentere ham så skriver han blant annet: «Ingen har noen gang sett Gud, men den

enbårne, som er Gud, og som er i Fars favn, han har vist oss hvem han er.» Joh 1,18

En av de viktige grunnene til at jeg er opptatt av Jesus er at han har vist meg hvem Gud er. Han har vist meg at jeg har min plass i denne verden fordi jeg er skapt og elsket av ham, og at jeg som menneske har uendelig og ukrenkelig verdi. Midt i en verden som kan være både ensom og skremmende, kan Gud synes fjern og langt borte. Når jeg leser og hører om Jesus, om det han sa og gjorde i møte med mennesker på sin vei, ser jeg at Gud er nær,

tilgjengelig og omsorgsfull.

Fordi Jesus har vist meg hvem Gud er, kan jeg få leve livet mitt i tillit til at innholdet i fortellingene om Jesus, fra han ble født i stallen i Betlehem til han ble korsfestet, døde og sto opp igjen fra graven den påsken i Jerusalem, viser og bekrefter Guds kjærlighet til meg.

Og bare for at det ikke skal bli noen misforståelse; når jeg skriver «jeg» og «meg» så mener jeg også deg.

Derfor er jeg så opptatt av Jesus!

TRENG DU NOKON Å  
SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenker på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde.  
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](https://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
MELDING

**SOS**  
CHAT

 **KIRKENS  
SOS**



# LIVETS GANG

8. mai - 16. august

## DØYPTE

### Sund kyrkje

Noah Evensen Nilsen  
Rikke Morlandstø  
Aria Forland Bratsberg  
Axel Forland Bratsberg

### Kausland kyrkje

Ida Snekkevik  
Maiken Wilhelmsen Øvretveit  
Pia Emilie Mæhle Homme  
Ella Berge Aamodt

### Tyssøy

Mathea Craveiro Bastos Hannisdal  
Osvald Thormodsæter Strand  
Ulrik Thormodsæter Strand

### Fjell kyrkje

David Reinkort-Bernal  
Tom-Erik Johansen Strøm  
Maya Knapskog Knutsen  
Markus Kjelby  
Herman Lie Vabø  
Sunniva Fjell Kristiansen  
Nils Høyland Golten  
Linnea Elvik Hausberg  
Sandrine Nesse Christoffersen  
Hedda Algrøy Størksen

### Foldnes kyrkje

William Sande Sæbø  
William Michailov Clausen  
Adrian Tufteland  
Edward Michael Olsen-Massoud  
Hennie Seim Mortensen  
Amanda Vallestad  
Hennie Seim Mortensen  
Theodor Duus Justad  
Philip Pham Danielsen  
Sofia Eikås Lie  
Ludvig Mørner-Bartnes  
Angelica Justad Rabben  
Vegard Aasen Eide  
Theodor Skumsnes Thorbjørnsen

### Landro kyrkje

Ulrik Kårtveit Brekke  
Elsa Pettersen Eide  
Aurora Lie  
Ivonne Lykke Vuksic  
Julia Sønstabø  
Birk Jakobsen Paulsen

### Blomvåg kyrkje

Odin Rekve  
Ivar-Bjarte Draugsvoll Haugetun  
Didrik Helland Hammer  
Martinus Johan Rong Oliverson

### Hjelme kyrkje

Hans Olav Martinussen

## VIGDE

### Sund kyrkje

· Solveig Bratsberg og Steinar Forland  
· Jessica Amada Tomaz de Aquina  
og Thomas Kristoffer Tyssøy

### Kausland kyrkje

· Cesilie Forland Bergseth  
og Kristoffer Bergseth  
· Malin Raa Olsen og  
Christian Lofnes

### Fjell kyrkje

· Linn Marie Arvidson  
og Eirik Hannisdal  
